

TEMA: Frå tjoedveg til riksvog ①84, Folkemusikken ①135, Norskdomsrørsla ①137
KART: ①441

Fykse

«FIOL-MAGERIET I VIGØERS PRÆSTEGIELD»

I ein av dei første årgangane av Bergens Adressecontours Efterretninger; i året 1766, finn vi eit innlegg om «Fiol-Mageriet i Vigøers Præstegield». Det er dei særmerkte felene til ISAK BOTNEN (1663–1759) og sonen TROND BOTNEN (1713–72) innsendaren skriv om – «hardingfela» – og om dei haghendte bondene i Vikøy. Innsendaren, signaturen «M», er truleg EVEN MELDAL, «personel kapellan til Vigøer» 1757–59. I sin «Beskrivelse over Hardanger og een Deel af Søndhordland –» skriv han:

«I dette Kald ere Indbyggerne særdeles Hændige thi her findes de bedste Fiol-Magere, Kamme-Magere. Snedkere, Dreyere, Alle slags Smede indtil Gullsmede ...»

Den som i særleg grad fanga interessa hans, var den fremste felebyggjaren i samtida, Trond Botnen. Inst inne i botnen av Fykkesundet, i den vesle Botnagrenda, budde desse dyktige handverkarane, som for all tid har fått namnet sitt knytt til hardingfela; nasjonalinstrumentet i den norske folkemusikken (①135).

Den eldste kjende fela er datert til 1651 og skal vera laga av OLE JONSSON JASTAD (f. 1621) frå Ullensvang (①136). «Botnafelene» utgjør likevel kjernen i denne utsøkte handverksproduksjonen på 1700-talet, som vart spreidd også til andre bygdelag gjennom marknadene på Kongsberg og i Lerdal.

BRONSEFUNN FRÅ ÅLVIK

Under nokre steinar i utmarka på Vikedal, Indre Ålvik, vart det for snart 100 år sidan funne tre halsringar og to smykkenåler av bronse. Slike funn, bortgøynde i mark og urd, vert kalla depotfunn. Vi veit ikkje om dei skal tolkast som bortgøynde skattar eller som offer til guddomar og vette.

Funnet kan daterast til slutten av bronsealderen, 6–700 år f.Kr. og finst no på Historisk Museum i Bergen.



Fykkesundet og Botnagrenda gjev ei fin oppleving av landskap og kulturhistorie; eit geografisk avstengt lokalsamfunn med vid kulturkontakt til omverda.

I Botnagrenda inst i Fykkesundet – i dag eit fråflytta lokalsamfunn – ligg eitt av dei mest autentiske og verneverdige kulturlandskap i Hordaland, slik det var på slutten av 1800-tallet. Eit livskraftig lokalsamfunn var det her inne i den vegause grenda, og eitt av dei første ungdomslaga i Hordaland vart skipa her inne. På den brattlendte garden Skåro (①46), halvveges ute i Fykkesundet budde også dugande folk: To brør av eit stort syskenlag vart ordførarar og stortingsmenn: GEIRMUND (1851–54) og NILS (1871–85). Ein tredje bror, JOHANNES, vart biskop i Nidaros i 1892. Son til Nils, NILS NILSEN SKAAR, var også stortingsmann (1910–24). □



«NOREGS LENGSTE STREIK»

Vegen langs nordsida av Hardangerfjorden – mellom Øystese og Eide i Granvin – vart bokstavleg tala bygd med handemakt. Anleggsarbeidet tok til i februar 1933, og 9. oktober 1937 opna kronprins OLAV vegstykket mellom Øystese og Ålvik ved Fykkesund bru. Vegstykket mellom Ålvik og Kvanndal vart teke i bruk hausten 1940, og over seks hundre mann, fordelte på hundre arbeidslag, bygde vegstykket frå Kvanndal til Granvin, frå hausten 1940 til hausten 1941.

Våren 1933 kravde arbeidarforeininga at

forskotsbetalinga skulle aukast frå 60 til 90 øre i timen. Vegdirektoratet avviste kravet frå anleggsarbeidarane, og frå 22. juli 1933 var streiken eit faktum.

Det var lenge stilt om denne arbeidskonflikten. Norsk Arbeidsmandsforbund gjorde fleire forsøk på å få vegdirektøren til å imøtekoma krava. Først eit år seinare, den 2. mai, møttest dei streikande og avgjorde med stort fleirtal at arbeidet skulle takast opp att. Dermed var ein av dei lengste arbeidskonfliktane vestaffjells slutt.

